

Strandelva kraftverk, Nettet kommune, Møre og Romsdal fylke - kommentarer til innkomne høringsuttalelser

Møre og Romsdal fylkeskommune uttaler:

1. *Gjennomsnittleg årsproduksjon er estimert til 13,3 GWh. Av dei omsøkte prosjekta i Nettet er dermed Strandaelva den som gir mest energi til nettet. Ut frå fylkeskommunen sin ansvarsområde kan vi tilrå konsesjon, men ber om at det særskilt vert presisert at mellomsbels anleggsveg skal leggst igjen etter avslutta arbeid. Samstundes opplever vi konfliktane som relativt små, og kan tilrå konsesjon ut frå dette.*
2. *Vi kjenner ikkje til automatiske freda kulturminne i konflikt med tiltaket. Vi vurderer potensialet for funn til å vere lågt, og vil ikkje stille krav om arkeologisk registrering. Vi har såleis ingen merknad til søknaden.*
3. *Øvre del av nedslagsfeltet ligg innanfor eit område med ei viss regional friluftsinteresse, men det omsøkte tiltaket vil i liten grad påverke dette. Elvestrengen framstår heller ikkje som den mest spektakulære frå nokon ståstad.*

Tiltakshavers kommentar:

Fylkeskommunens uttalelser tas til etterretning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttaler:

1. *Resultatet av det nasjonale kartleggingsarbeidet er lagt inn i Naturbase. Basen viser at det er fire naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet og dei er avgrensa og skildra innanfor influensområdet til dette prosjektet. Det gjeld tre edellauvskogslokalitetar samt ei velutvikla og artsrik fosseeng. I tillegg til naturbaselokalitetane er det gitt ei samla vurdering av Stranddalen. Rapportdokumentet er lagt inn som eit eige vedlegg i Naturbase... I miljørapporten er det opplyst at lav- og mosefloraen verkar å vera ganske triviell utanom i fosseenga. Mosefloraen i fosseenga er artsrik med mange oseaniske og fuktkrevjande artar. Det er opplyst at sjølve elveleiet er praktisk talt utan mosevegetasjon, noko som er naturleg da morenemassane nedst i elvelaupet er svært ustabile og kan flytta seg mykje i flaum-periodar. Det vert konkludert med at potensialet for lav og moseartar som er avhengig av høg luftfukt berre er middels i influensområdet for dette prosjektet. Det er likevel påvist moseartar som indikerer at det er miljø her som er avhengig av at vassføringa i elva vert oppretthalde på eit ganske høgt nivå om artsmangfaldet skal verta teke vare på. Den klart største konsekvensen ved redusert vassføring er dei negative følgjene dette vil få for fosseenga. (Verdi B). I den samanheng vil vi merke at naturtypen fosseberg og fosseeng er i kategorien NT (nær truga) i Artsdatabanken si raudliste for naturtypar som kom ut i 2011.*
2. *Vi vil vidare merke at ein del av anleggsvegen og rørgata er planlagt i ein rik edellauvskog med verdi A. Verdien er grunngeven med at dette er eit velutvikla og artsrikt område med mange varmekjære artar og mange raudlisteartar. Lokaliteten som strekk seg fra småbåthamna og nordover til Stranddalen er stor, men inngrepa inkludert tunnelinnslaget og riggområde, vil likevel vere klart uheldig for dette biologisk særskilt viktige området. Vi reknar med at det vil bli etablert eit midlertidig massedeponi ved tunnelinnslaget, men vi er usikre på omfanget.*

3. *Vi finn å måtte reise motsegn til ei utbygging av vassdraget på grunn av vesentlege konflikhtar med naturverdiar. Desse vil vi samla sett karakterisere til å vere av nasjonal karakter. Den klart største konsekvensen ved redusert vassføring er dei negative følgjene som dette vil få for den viktigaste fosseenga i kommunen.*

Tiltakshavers kommentar:

1. Omsøkt minstevannsslipp var 86 l/s for perioden 1/5-30/10 og 17 l/s for perioden 1/10-30/4. Clemens Kraft AS har latt en ekstern hydrolog gjøre nye hydrologiske vurderinger. Hydrologen har økt minstevannføringen til 10-persentilnivå som for sommersesongen utgjør 92 l/s hvilket er 21,1 % av middelvannføringen. For vintersesongen har han benyttet 20 l/s som er identisk med 5-persentilen. Hydrologen har dessuten økt maks slukeevne til 1100 l/s. Produksjonen økte til 15,21 GWh/år. Utbyggingspris: 3,1 kr/kWh. Legger ved rapporten fra hydrologen. Omsøkt maks slukeevne var på 700 l/s. Produksjon: 13,3 GWh/år. Utbyggingspris: 3,55 kr/kWh.
2. Inngrepet i edelløvskogen skal være midlertidig. Den midlertidige anleggsveien fjernes og matjordlaget som er blitt tatt vare på legges tilbake i rørtrasée slik at traséen revegeteres med stedlig vegetasjon. Etter noen år vil rørgatetraséen ha grodd igjen og inngrepet vil ikke lenger være synlig.
3. Se punktene ovenfor.

Nesset kommune uttaler

Rådmannen i Nesset kommune tilrår ikke konsesjon til Strandelva. Formannskapet i Nesset kommune rår til at det blir gitt konsesjon for utbygging av Korga, Kvidalselva og Strandelva. Kommunen mener at de inntektsmulighetene som ligger i kraftproduksjon i disse tre elvene, særlig for grunneierne, oppveier de ulempene det er med utbygging. Men det bør settes vilkår om de avbøtende tiltak som er nevnt i saksutgreiinga.

Tiltakshavers kommentar:

Kommunens uttalelse tas til etterretning.

FNF, Møre og Romsdal uttaler:

Ut frå landskapsomsyn, biologisk mangfald og inngrep i uberørt natur rår vi til at Strandelva kraftverk ikkje får konsesjon.

Tiltakshavers kommentar:

FNF legger vekt på de samme momentene som Fylkesmannen. Viser til våre kommentarer til Fylkesmannens uttalelser.

Mattilsynet uttaler:

Har ingen uttalelse i forhold til søknaden om tillatelse til utbygging av kraftverk.

Tiltakshavers kommentar:

Uttalelsen tas til etterretning.

Direktoratet for Mineralforvaltning uttaler:

Mineralressursar er ikkje nemnt i dei aktuelle konsesjonssakane. DMF vil påpeike at dette bør vere fast utredningstema i slike saker. Den naudsynte kunnskapen om forekomstar og eksisterande masseuttak er tilgjengeleg på heimesida til Norges geologiske undersøkelse (NGU).

Tiltakshavers kommentar:

DMF sin uttalelse tas til etterretning.

Istad kraft uttaler:

Vi regner med at områdekonsesjonærene Nettet Kraft og Rauma Energi uttaler seg om begrensninger og behov for tiltak i distribusjonsnettet (22 kV).

Tiltakshavers kommentar:

Til nu har ikke Nettet kraft avgitt høringsuttalelse. Vi er imidlertid kjent med at det er ledig kapasitet i distribusjonsnettet i Eresfjorden. Dette ble klart under utarbeidelse søknaden.

Bjørn Magne Øverås uttaler:

- 1. Elvekulpane nedst i Strandalen som er omtala i høringsdokumentet er brukt som badekulpar. Det er merka og uthogd sti opp til desse. Er mykje brukt i godversperiodar om sommaren. Forstår at desse blir tørrlagt om det blir utbygging.*
- 2. Oppe på fjellet er det faktisk kulturminner som ikkje er nemnt. Det er restar etter den gamle ferdselsvegen/stien mellom Eresfjord og Bugge. Denne vart brukt før veggen langs fjorden mellom Eresfjord og Bugge vart bygd. Det er lett å sjå restar etter denne veggen/stien oppe på snaufjellet, spesielt langt «kanten» inn mot botnen. Fleire stader er stien bygd opp med heller.*
- 3. Fossen inst i dalen som kjem ned svaene er ellers brukt til isklattring vinterstid. Det er fullt muleg å ta seg innover denne trange dalen om vinteren.*
- 4. Som ellers nemt er det store svaet på sørsida av Strandalen brukt som klatrefelt.*

Tiltakshavers kommentar:

Badekulpene vil ikke bli tørrlagt da det slippes bra med minstevann over demningen oppe på fjellet. Fylkeskommunen kjente ikke til nevnte kulturminne. Isklattring vinterstid betyr at fossen fryser til om vinteren. Svaet på sørsida av Stranddalen kan benyttes som klatrefelt uavhengig av utbyggingen i Strandelva.

Magne Otto Johansen uttaler:

Som eiere av fritidseiendommer ved Strandelva har vi hatt vår vannforsyning fra Strandelva siden 1956. Ved en eventuell utbygging forventer vi at det blir tatt hensyn til, og lagt til rette for at vi også i fremtiden kan ha vår vannforsyning fra Strandelva.

Tiltakshavers kommentar:

For sikre vannforsyningen til fritidshuset vil utbygger i planleggingsfasen holde god dialog med hytteeieren.

Dato: 4. mai 2015

Sigmund Jarnang, saksbehandler

T. 905 85 486

sigmund.jarnang@clemenskraft.no